

STYREMØTE I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT PÅ RESET

MÅNDAG 07.07.08

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Margaret Skåre, Tom Idar Kvam
og Eli Berge Ness.

Sak 15/08 Referat og meldingar

- Referat førre styremøte.
- Det har vore to møte i kontaktutval for rovdyr. Det er no bestemt at dei som deltek på desse møta får møtegodtgjerdslø, og at det er Fylkesmannen som betalar dette.

Tom Idar har delteke på møta.

- Oppsummeringsmøte etter bjørnejakta. Det har vore to slike møte, eit på Sande og eit i Sogndal. Representantar for kommunane, jegerane, sankelaga, Fylkesmannen, SNO, rovviltneimnda, bondelaget, skogeigarlaget m.fl. Det vert arbeidd vidare med å etablere eit fylkeskommunalt fellingslag m. jegerar som blir kursa med tanke på jakt på store rovdyr. Ein er klar over problemet med aukande jervebestand, jaktlaget skal også brukast til jervejakt. Tom Idar har delteke på begge møta.
- Rovviltmelding ute på høyring. Framlegg i høyringa er at jegerane skal ha utbetalt kr.1370,- pr dag etter første veka, men ikkje løn første veka. Kontaktutvalet for rovdyr sender svar på høyringa.
- Informasjonsmøte, Mattilsynet Sunnfjord og ytre Sogn. Leif og Eli deltok. Mykje fokus på fotrote og bluetongue. Informasjon om fotrote er lett å finne. Bluetongue er ein sjukdom som blir spreidd med sviknott. Angrepne dyr blir hovne i hovudet, får feber og blir dårlege til beins. Sjukdommen er registrert i Danmark, berre tidsspørsmål når den kjem til Noreg. Smittar ikkje frå dyr til dyr, berre gjennom sviknott.
- Fagutval småfe, Nortura. Eli er vald inn der for to år. Har delteke på første møte.
- NSG har teke kontakt om at det er valt leiar som ikkje er medlem av NSG i eit lokallag. Laget er kontakta med tanke på å ordne opp i dette.
- Årsrapport Geit i Vekst. Ligg på heimesidene til Geit i vekst.
- Markdagar. **Stardalen 19. juli.** Yngve Rekdal deltek og snakkar om beitekvalitet.
- **Askvoll 27. juli.** Mobile sankekvier, gjetarhund i bruk. Det kjem annonse.
- Samling for småfehaldarar. Oppfølging av samling for nye småfehaldarar som var på Skei i fjor. Bør opnast opp for alle som vil starte opp eller driv med småfe. 25. og 26. oktober. Fylkestyret bør legge styremøte til denne helga.
- Medlemslistene er utsende. Nedgong på ca. 75 medlemmar til saman i fylket.

Sak 16/08 Web-kåring, pris pr. sjå.

Det har gått ut informasjon om at Nortura har auka betalinga for pc-kåring frå kr 700,- til

kr. 1500,- pr. sjå. Prisen er inkl. mva. Dette er meir enn ei dobling. Leiar for avlsutvalet har sendt ut informasjon om dette til alle lokallag og væreringar. Dette har ikkje avlsutvalet pengar til. Avlsutvalet har difor kome med tframlegg om at anten må ein auke kåringsavgifta, eller så kan laga stille med sekretær med pc. Laget/sekretæren vil då få ei godtgjerdsle på kr. 700. På møtet vart det informert om at denne ordninga vil gjelde først i 2009, så denne sesongen vil gå som før.

Vedtak: SFSG arbeider vidare med denne saka i samarbeid avlsutvalet ved Audun for å få til så gode løysingar som mogeleg.

Sak 17/08 Profilering av NSG under kåringane.

Det er ønskje om at dommarane på kåringsjåa brukar kjeledressar/frakkar med logoen til NSG på. Dette vil vere ein god måte å profilere NSG på. Om ein får laga kåringsfrakkar med logo, bør desse brukast på alle kåringar i landet.

Vedtak: Eli sender brev til NSG og presenterer framlegget.

Sak 18/08 NM i saueklipping 2009

NSG har sendt ut informasjonsskriv der dei oppfordrar lag som er interesserte i å vere arrangør for NM i saueklipping 2009 om å ta kontakt. Laget som melder seg, bør reise til Bjerkreim for å få med seg arrangementet der.

Sist gong det vart arrangert NM i Sogn og Fjordane, var i Sogndal i 1995.

Vedtak: SFSG informerer om oppfordringa i brevet som skal sendast ut til lokallaga i juli.

Sak 19/08 Leiarsamling 2008

I arbeidsplanen som vart vedteken av årsmøtet vart det vedteke at learsamlinga skulle vere ein tur i slutten av veke 45. SFSG ser at det kan vere aktuelt å flytte leiarsamlinga slik at denne turen går til VM i saueklipping i Bjerkreim. Halvar, Lars Olav og Kjellfrid arbeider med samlinga.

Vedtak: Arbeidsgruppa arbeider med tur til Bjerkreim. Faglege innslag bør leggst inn som stopp på turen opp og ned.

Sak 20/08 Ullsekkar

Etter at Felleskjøpet gjekk over til 25 kg-sekkar, har ullsekkar blitt eit problem for mange.

Norilia har tinga inn fem pallar med ullsekkar. Pallane er delte i to. Lokallaga kan tinge sekkar til medlemmane sine, og hente dei på Reset. Ein oppfordrar fleire lokallag om å gå saman om henting for å få mindre transport. Sekkane kjem inn på lager i siste halvdel av august. Prisen er 4,30 pr. sekk + mva.

Vedtak: Informasjonen om ordninga med ullekkar må kome ut i infoskrivet i juli.

Sak 21/ 08 Ymse

- Trine Bjørnerås er tilsett som rådgjevar geiteavl, i stillinga Ingunn Nævdal hadde før. Ho startar med ei veke i Kandalen for å lære meir om geitehald. Skal m.a. vere på stølen og mjølke.
- Geitedagane 2008 12.-14.september i Rauland

Møtet slutt.

Ref. EBN